

**Notat**

Dato: 21.11.2019

Saksnr: 2019/136-1

Saksbehandlar: Frank Dahl

---

**Til:** Fylkesutvalet, Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Valen Kraftverk - oppfølging av vedtak i fylkestinget**

Fylkestinget handsama sak om Valen kraftverk AS 14. juni 2017. Det vart då fatta følgjande vedtak:

«Fylkestinget godkjenner utlån på 25 mill. kr til Valen kraftverk AS til rehabilitering av Valedammen etter pålegg frå NVE. Fylkestinget godkjenner at det ansvarlig lånet på 6 mill. kr vert omgjort til aksjekapital.

Utlånet på 25 mill. kr. Vert finansiert med midlar frå kapitalfondet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre budsjettendringar og inngå låneavtale med selskapet.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere den framtidige eigarskapen til Valen kraftverk AS, herunder sal av selskapet. Vurderingane vert å leggja fram for fylkestinget.»

I Budsjettet for 2019 vart det orientert om at fylkesrådmannen har engasjert Thema Consulting Group AS til å gjere ein gjennomgang og verdivurdering av selskapet. Det var også peika på at fylkesrådmannen i budsjettet for 2019 som følgje av regionsreforma ikkje vurderte det som tenleg å gjere ytterlegare utgreiingar kring selskapet.

Verdivurdering til Thema Consulting Group er oppjustert i 2019 og pr 31.12 2019 er verdien av Valen kraftverk AS er anslått til å ligge i utfallsrommet 65 – 183 mill. kr.

Fylkesrådmannen viser til siste avsnitt i fylkestinget sitt vedtak og melder at arbeid med å vurdere framtidig eigarskap for Valen kraftverk AS er starta opp. Styret i selskapet vil bli kalla inn til eigarmøte og orientert om fylkestinget sitt vedtak der også sal av selskapet er til vurdering. Fylkesrådmannen tek sikte på å leggje fram sak om dette til fylkestinget i mars 2020.